



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Egil Hauge, 5557 2350  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
18.09.2017  
Dykkar dato  
11.04.2017

Vår referanse  
2014/11756 421.3  
Dykkar referanse  
14/3495

Osterøy kommune  
Rådhuset  
5282 Lonevåg

### **Samordna uttale med motsegn - offentlig ettersyn - Osterøy – kommunedelplan for sjø og strandsone 2017 - 2027 - planID 12532014007**

Vi viser til Dykkar oversending av 11.4.2017, samt til brev av 17.12.2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om vidareføring av statleg *Forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar*.

Fylkesmannen har fått høyringsfrist til etter dialogmøte mellom kommunen og Fylkesmanen.

#### **Bakgrunn**

Osterøy kommune har sendt kommunedelplanen til andre gangs offentlig ettersyn. Sidan førre offentlege ettersyn er det skjedd ei rekkje endringar i planforslaget, både på plankartet og i føresegnene. Det er gjort endringar i føresegner, samt at det er teke inn og konsekvensutgreidd nokre nye område på land.

#### **Statleg samordning av motsegner**

I tråd med rutinane for samordningsforsøket har Fylkesmannen motteke uttale med motsegn frå Statens vegvesen (SVV) til vurdering og samordning. Vi viser her til brev av 14.6.2017. I oppsummeringa uttaler SVV:

*Foreslått ny lokalisering av småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg ivaretek ikkje Staten sine interesser når det gjeld trafikktryggleik. I lys av vår rolle som fagstyresmakt med sektoransvar innanfor trafikktryggleik fremjar Statens vegvesen derfor motsegn til planen. Motsegna er avgrensa til å gjelde val av lokalisering for småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg.*

*Vi saknar også utfyllande vurderingsgrunnlag når det gjeld trafikktryggleiksrisiko i dei tre alternativa for lokalisering av småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg.*

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen har elles vurdert planen på grunnlag av eige sektoransvar for medverknad i kommunale planar. Vi viser her til plan- og bygningslova (pbl.) § 3.2 samt til *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven (H-2/14)*. Det ansvaret femner mellom anna om medverknad innanfor tema:

- ureining (m.a. støy, lokalluft og klima, vassmiljøkvalitet)
- naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone
- samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, tilstrekkeleg bustadbygging
- folkehelse, m.a. miljøretta helsevern
- barn og unges interesser
- universell utforming
- samfunntryggleik, risiko og sårbarheit
- jord- og skogbruk, m.a. kulturlandskap.

Hovudinstrykket vårt er at Osterøy kommune har gjort eit godt og grundig arbeid med planforslaget. Grunnlagsmaterialet er omfattande og oversiktleg.

Sidan førre utlegging til offentleg ettersyn er det skjedd ei rekkje endringar i planforslaget, både på plankartet og i føresegnene. Endringane i føresegner er i hovudsak gjennomførte for å imøtekoma motsegn til det førre planforslaget frå Hordaland fylkeskommune.

I all hovudsak vert planforslaget vurdert til ikkje å strida mot nasjonale forventningar til planlegging eller statlege planretningslinjer. Det er likevel nokre av dei nye forslaga til arealbruk som utfordrar byggeforbodet i pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona. Nedanfor gjev vi ei tema- og områdevis vurdering av desse, der vi har vesentlege merknader/ innvendingar.

#### *Generelt om forvaltning av strandsona*

Byggeforbodet i strandsona gjeld som kjent som eit utgangspunkt for planlegginga, også i dei delane av Hordaland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. I følgje statlege retningslinjer om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for kommunane å vedta planar som opnar for utbygging i strandsona i desse delane enn i kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar.

Eventuell utbygging skal vurderast med omsyn til andre allmenne interesser. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg. I lys av desse føresetnadene har vi gjort konkrete vurderingar.

#### Naust og flytebyggjer

##### *Område BAB43/44 på Raknes.*

Dette området er kupert og utan inngrep i dag. Det er ikkje etablert infrastruktur i området. Dei næraste tiltaka er ein bustad på gnr. 110 bnr. 18 og ei hytte på gnr. 110 bnr. 79. Elles er heile denne sida ut mot Lonevågen i stor grad ubyggd. Like utanfor arealet som er foreslått endra ligg Storeholmen som er vist med planformål LNF og omsynssone friluftsliv. Fjorden er vidare vurdert til å vera eit viktig regionalt friluftsområde.

Det er slik Fylkesmannen ser det ikkje tvilsamt at utbygging av naust her vil ta hol på eit nytt område ved sjø. Det er også risiko for at ein vil få ønskje om ytterlegare utbygging i form av infrastruktur til området på sikt.

Det er elles opna for naust og kai m.m. lengre ute i vågen ved Lammaneset. Fylkesmannen legg til grunn at ein bør samle utbyggingstiltaka i Raknesområdet her, framfor å spreie desse utover ein større del av strandsona. Utbygginga som er føreslått vil stykka opp eit elles samanhengande større LNF-område.



#### *Område BAB45 på Hamre*

I og ved dette føreslegne naustområdet er det noko utfylling av stein og eit eldre naust. Området har likevel flotte kvalitetar med svaberga sine ned mot sjø over ein lengre strekning. Med unntak av eit eldre naust er området ubyggd.

Utbygging av fleire naust her vil kunne privatisera området og gje negative konsekvensar for friluftslivet. I gjeldande plan er dette arealet ein del av eit større samanhengande friområde som i tilfelle vil bli oppstykkja om ein opnar for utbygging. Det er også eit opparbeidd friområde noko lengre sør for BAB45, slik at det er grunn til å tru at arealet vil kunne nyttast av allmenta. Sjøområda ved Hamre er vurdert som regionalt viktige og har vesentlege kulturhistoriske opplevingskvalitetar og landskap. Det er ikkje veg ned til naustområdet, slik at det kan tenkast å verta eit tema på eit seinare tidspunkt.



#### *Område BAB46 og BAB3 ved Olsnes*

I planframlegget vert det opna opp for naust og flytebrygge. Det er ein utbygd hytteeigedom like ved. Elles er området ved sjø ikkje utbygd og det er eit større område som er drifta av BOF vidare inn i Eidsvika og på andre sida av vika med utsikt mot BAB46. Dette arealet er vist med formål friområde. Elles rundt arealet som er føreslege til naustformål, er arealformålet LNF. Det er sikra i føresegn 2.60 at det ikkje er høve til sprenging i svaberg. Alternativet vil då måtte vere utfylling i sjø. Det aktuelle området er vidare bratt og eksponert, slik at ei kvar utbygging her vil kunne gje stor verknad på landskapet. Fylkesmannen er såleis kritisk til nye tiltak i strandsona i området.



## Småbåthamner

### *Ny hamn i Fotlandsvåg*

Eksisterande småbåthamn ligg i eit område som er under regulering til næringsformål. Det er greidd ut fire alternativ for ny plassering. Konsekvensutgreiinga tilrår alternativ tre.

Kommunen går inn for alternativ ein som er inst i vågen. Ut frå transportbehov kan ei sentrumsnær lokalisering vera positiv. Området har ikkje tilkomstveg eller parkering i dag, slik at infrastrukturen må utbetrast. Det inneber at parkering og til dels vegareal vert lagt på overflatedyrka jord (S01). Vidare er det eit spørsmål om ein kan få tilfredsstillande trafikk-sikring, ved at mjuke trafikantar må kryssa vegen for å koma frå planlagt parkeringsareal og til småbåthamna. Plasseringa av anlegget her vil kunne privatisera den inste delen av vågen på sida mot fylkesvegen. Indre del av vågen er eit viktig landskapselement og konsekvensutgrei-inga peikar på at ei småbåthamn her vil få store negative konsekvensar for dette landskapet.

### Akvakultur på land

I Lonevåg er det foreslått at delar av område N8 kan brukast til landbasert akvakultur. Næringsområdet er noko utvida i forhold til tidlegare forslag og er trekt heilt ned til sjø. Loneelva er eit anadromt vassdrag der det også er registrert elvemusling. Vassdraget er også verna, og ein må såleis leggja vekt på vernevedtaket og vassdraget sin verneverdi i planlegginga, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag T-1082*. Vidare er den inste delen av vågen registrert som lokalt viktig brakkvassdelta.

Planforslaget opnar ikkje for utfylling i sjø. Tilkomsten til området er dårleg. Utbygging til eit slik formål vil innebera omfattande inngrep i bakkant av dagens planerte areal. Vi har merka oss at konsekvensutgreiing er negativ av omsyn til Lonevassdraget og moglege negative konsekvensar for dette som følgje av den planlagde arealbruken. I den samanheng er det vektlagt at vassdraget frå før er utsett. Uttak av vatn frå vassdraget vil også kunne verta eit spørsmål som kjem opp seinare.

Fylkesmannen er kritisk til utviding av dette næringsområdet søraustover mot vassdraget med tanke på eventuelle negative konsekvensar det kan få for det verna vassdraget og naturmangfaldet i elva. Utvikling av næring søraust for vassdragsgrensa vil også vera negativt for landskapet og oppleving av og naturmangfaldet i brakkvasspollen. Dette området er i dag utan bygg, men har fleire eldre steingardar og restar av steinmurar frå eldre naust.

### Andre merknader til arealbruk

Omfang av spreidd næring i Kløvvika (Olsnes) synest å vera stort når det gjeld dei tiltaka det er opna for i planføresegnene. Det kan vera grunn til å vurdere å redusera storleiken på arealet for å sikra ivaretaking av landbruksinteressene på eigedommen.

### Merknad til planføresegnene

Føresegn 2.53 tredje kulepunkt og 5.16 tredje kulepunkt har ein alternativ måte å måla høgde på som ikkje samsvarer med alternativa i TEK10 § 6-2 fjerde ledd. Dersom føresegnene ikkje vert endra i samsvar med TEK10, er resultatet at ein vil måtte sjå vekk frå føresegnene. Høgdekrava i pbl § 29-4 første ledd vil då gjelda, dvs. at ein opnar for mønehøgde på inntil ni meter. Det vil ikkje vera akseptabelt for naustområda, og er nok heller ikkje det kommunen ser for seg i desse områda.

### Utvida dialog med kommunen

Osterøy kommune er gjort kjent med desse merknadane og har ønska eit dialogmøte i saka. Møtet vart halde den 18.8.2017 i Statens hus.

### Til stades frå Osterøy kommune

- Jarle Skeidsvoll, ordførar.
- Ingvild Kirsti Hjelmtveit, rådmann.
- Atle Solberg, utvalsleiar.
- Laura Ve, plansjef.
- Jostein Klette, planleggar.

### Frå SVV

- Sindre Lillebø, seksjonssjef.
- Kristina Ebbing Wensaas.

### Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann.
- Egil Hauge, fagdirektør.
- Laila Pedersen Kaland, seniorrådgjevar.
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar.

### Tema som vart drøfta – referat

Fylkesmannen ønska velkommen. Osterøy kommune orienterte kort om planen og dei endringane som er føretekte sidan første offentlege ettersyn. Fylkesmannen sine dialogpunkt vart deretter gjennomgått og drøfta. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei einskilde punkta.

#### *Småbåt- og gjestehamn i Fotlandsvåg*

SVV si motsegn og Fylkesmannen sine merknader vart gjennomgått og drøfta først. Kommunen orienterte om bakgrunnen for at ein har enda opp med den aktuelle lokaliseringa. Det har vore avgjerande for kommunen å få til ei kompakt hamn, med gjestehamnfunksjon i tillegg, nærast mogeleg sentrum. Det vart synt korleis ein kan oppnå det på ein måte som vil sikre trafikktryggleiken og landskapsomsyna.

Det var semje om at utfordringane bør kunne løysast i detaljregulering av området og at SVV etter møtet skulle sende eit notat som spesifiserte kva som må inn i ei framtidig planløyning. Det ligg no føre. Vi viser til brev av 21.8.17., der det mellom anna går fram at:

- *I møtet trakk Statens vegvesen motsegn som vart fremma i vår uttale datert 14.6.2017. Bakgrunnen for dette er at vi no har fått ei forklaring på korleis ein kan løyse utfordringar knytt til parkering og mjuke trafikantar i området. Løysingane tek utgangspunkt i forslag frå Fotlandsvåg grendaråd og inneber parkering i nærleiken av planlagt småbåt- og gjestehamn, samt etablering av eit tilbod for mjuke trafikantar nede ved sjøen (som beskrive i brev frå kommunen datert 7.7.2017, vedlagt).*

- *Statens vegvesen føreset at desse tiltaka vert vidareført når det skal utarbeidast reguleringsplan for småbåt- og gjestehamna. Det viktige for oss er at ein ikkje legg opp til parkering langs fylkesvegen og at ein finn trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar.*

Fylkesmannen legg etter dette til grunn at den utvida dialogen har ført fram og vil for eigen del heller ikkje gå i mot at det vert arbeidd vidare med denne lokaliseringa av hamna. Vi viser likevel til vurderingane ovanfor og ber om at omsyna til landskap, strandsone og jordvern vert sentrale tema i den komande detaljplanlegginga.

#### *Naustområda BAB43/44*

Fylkesmannen la fram vurderinga si. Kommunen orienterte om bakgrunnen for den føreslegne arealbruken og tok elles Fylkesmannen sine innspel til orientering.

Fylkesmannen har motsegn til at BAB43 og 44 vert vist som byggeområde.

#### *Naustområde BAB45 på Hamre*

Vurderinga til Fylkesmannen vart drøfta. Osterøy kommune gjorde nærare greie for situasjonen i området når det gjeld friluftsliv og landskap. Området er påverka av mellom anna eksisterande naust og kommunal avløpsleidning.

Fylkesmannen konkluderte med at det kan akseptast inntil to nye naust, dersom kommunen utformar forslag til føresegner som sikrar at landskapsverknaden vert minimalisert og at det ikkje vert lagt til rette for vegframføring ned til området. Kommunen sender inn forslag til slike føresegner. Inntil desse er mottatt og vi har fått vurdert dei, har Fylkesmannen motsegn til område BAB45.

#### *Område BAB46 og BAB3 – naust og flytebrygge*

Fylkesmannen la fram vurderinga si. I tillegg til det som går fram av vurderinga ovanfor, meiner Fylkesmannen at område BAB3 er lite og at det ikkje, av årsaker som er nemnde ovanfor, ikkje bør skje vidare utbygging. Det kan difor vere mest naturleg å la det liggje som LNF-område. Kommunen orienterte deretter om bakgrunnen for den føreslegne arealbruken og tok elles Fylkesmannen sine innspel til orientering.

Fylkesmannen har motsegn til at BAB46 og BAB3 vert vist som byggeområde.

#### *Område N8*

Fylkesmannen la fram vurderinga si. I tillegg til dei momenta som går fram ovanfor, meiner Fylkesmannen at det er knytt stor uvisse til ei rekkje tema som til no er lite utgreidde, og som vil vere svært relevante å få klårlagt noko betre, før ein kan vurdere verknadane av forslaget. Konsekvensutgreiinga er og tydeleg på at forslaget kan få negative konsekvensar.

Osterøy kommune ønskjer på si side å vere positiv til ei vidare utvikling i området og til å opne opp for landbasert akvakultur, men har forståing for at det førebels er noko uklårt om- og eventuelt på kva vilkår dette arealet vil vere eigna til føremålet.

Det var semje om at det må arbeidast vidare med ei nærare vurdering av om området vil vere eigna. Fylkesmannen har ikkje merknader til at området vert vist som næringføremål, dersom ei meir utfyllande utgreiing syner at tiltaket kan gjennomførast utan vesentlege negative

konsekvensar på naturmangfaldet i sjøen og i vassdraget. Ureiningssituasjonen i sedimenta og kva føresetnader han vil kunna gje for ei eventuell utbygging må òg klårleggjast, saman med andre tema etter forureiningslova som støy, lukt, lys, framtidig trong for ev. utviding mv.

Fylkesmannen har såleis motsegn til planframlegget på dette punktet. Osterøy kommune tok det til orientering. Fylkesmannen vil vurdere motsegna på nytt dersom ho kan komast i møte ved at det vert utarbeidd meir utfyllande konkrete føresegner som fangar dei omsyna som må følgjast opp i ei eventuell vidare planlegging.

#### *Andre tema/ føresegner*

Fylkesmannen legg til grunn at dei andre merknadane som er gitt i uttalen knytt til spreidd næring i Kløvvika (Olsnes) og til føresegnene vert vurderte i det vidare arbeidet med planen.

#### Akvakultur i sjø – endeleg vurdering

Dette temaet vart ikkje drøfta i møtet. Fylkesmannen viste til at det formelt ligg til mekling, på bakgrunn av planen si løysing ved førre offentlege ettersyn. Fylkesmannen bad difor om å få kome attende til dette temaet når det er avklara om Hordaland fylkeskommune (HF) framleis ville ha motsegn til planen. Kommunen var samd i denne løysinga.

I etterkant av møtet er det gjort kjend at motsegna er trekt, etter møte mellom Osterøy kommune og HF. Sjølv om vi enno ikkje har motteke HF sin endelege uttale, finn vi det då rett å kommentere det som no ser ut til å bli den endelege planløysing.

#### *Endringar sidan førre ettersyn*

Vi registrerer at akvakulturlokaliteten Blom (VA3) er tatt inn i KDP etter førre høyring. Gjeldande KPA viser også eit område sett av til akvakultur her. Det er teke inn føresegner om at ein skal ta særlege omsyn til Havrå. Vidare er lokalitetane Viknabukta (VA4) og Øyjordsvika (VA7) tatt inn i planforslaget. Også det er i samsvar med gjeldande KPA. Det har elles skjedd mindre endringar i plassering eller utforming av nokre av dei andre lokalitetane.

Føresegn 6.10 er endra slik at det no ikkje er fullt så strenge miljøkrav ved etablering av akvakultur ved Skaftå (VA1 og 2), Blom (VA3), Viknabukta (VA4), Øyjordsvika (VA7) og Heldal (VA9). Tidlegare var det føresegele at det ikkje skulle vera utslepp av organiske partiklar til resipienten. De er no endra til at det skal vera minimalt til ingen utslepp av slike partiklar.

#### *Fylkesmannen si vurdering*

Slik Fylkesmannen ser det er ei slik føresegn avgjerande for at ein skal kunne opna opp for akvakultur i desse områda. Bakgrunnen for det er at miljøforholda i Sørfjorden som kjent er svært dårlege. Det vil ikkje vera forsvarleg å opna for tiltak som kan føra til ytterlegare forverring av forholda. På vilkår av at det no er semje om at denne føresegna kan vedtakast, er det Fylkesmannen si vurdering at desse akvakulturområda kan bli liggjande inne i planen. Ved å ta inn føresegna unngår ein å skapa forventningar i kommunedelplanen om etableringar som ikkje kan gjennomførast, grunna krav i anna regelverk.

Vi ser at det er gitt frist på tre år for avvikling av anlegget på Blom etter at ein har teke i bruk akvakulturområdet Skaftå 2. Denne fristen er ny i høve tidlegare. Fylkesmannen har ikkje merknader til at ein her får ein overgangsperiode for avvikling.



### *Utgreiingsnivå - villfisk*

I hovudsak har Fylkesmannen ikkje vesentlege merknader til at planen vert vedteken med den arealbruken som no er føreslått. Vi meiner likevel at det kan stillast spørsmål ved om ikkje konsekvensutgreiinga og planskildringa bør oppdaterast noko, før den politiske slutthandsaminga av planen, fordi det no er teke inn att lokalitetar som var ute ved førre ettersyn.

Vi rår då til at det vert gjort ei litt meir utfyllande vurdering av verdien og potensialet Osterfjord-systemet med tilhøyrande vassdrag har og har hatt som viktig laksefjord, og som kjelde til mellom anna tradisjonelt næringsfiske, fritidsfiske og rekreasjon. Vi set elles pris på at planomtalen nemner dei viktigaste anadrome fiskestammar i fjordsystemet og kjende negative påverknadsfaktor på desse stammene. Vi minner om at lakseregisteret

(<http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/default.aspx>) er ei nyttig kjelde til meir utfyllande / oppdatert kunnskap om bestandane. Vedteken kvalitetsnorm for villaks, fastsett med heimel i naturmangfaldlova § 13 (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-09-20-1109?q=kvalitetsnorm%20for%20villaks>) er vidare eit godt utgangspunkt for å skildre statlege målsetnader for ivaretaking av dei ville laksestammene generelt.

Vi registrerer at det ikkje er nytta sist oppdaterte kunnskap i skildringa av mogelege på – verknad på villfisk. Vi viser difor til *Vurdering av lakselusindusert villfiskdødlighet per produksjonsområde* ([http://www.imr.no/filarkiv/2017/05/samlet\\_rapport.pdf/nb-no](http://www.imr.no/filarkiv/2017/05/samlet_rapport.pdf/nb-no)) samt til *Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017* ([http://hi.no/filarkiv/2017/05/risikorapport\\_2017.pdf/nb-no](http://hi.no/filarkiv/2017/05/risikorapport_2017.pdf/nb-no)) og rår til at kommunen vurderer å oppdatere planskildringa med relevant kunnskap frå desse kjeldene.

Når det gjeld sjukdomskontroll og handtering av sjukdom i anlegga, vert det som kjent adressert og handtert i det ordinære fiskehelsearbeidet i regi av Mattilsynet. Med støtte i generelle føresetnader for risikovurdering (ROS-analyse) i planar, meiner vi likevel at kjend kunnskap om sjukdomssituasjonen i fjordsystemet og mogeleg påverknad på villfisk, kunne ha vore betre opplyst og omtalt. Vi viser her til at dette utgreiingstemaet ligg inne i førebels utkast til vegleiar frå KMD om planlegging i sjø.

Vi legg likevel på generelt grunnlag til grunn at i følgje den statlege risikovurderinga for norsk fiskeoppdrett, er det per i dag ikkje kunnskapsgrunnlag for å slå eintydig fast korleis eventuell spreing av ulike sjukdommar frå oppdrettsfisk kan påverke ville laksefiskbestandar. Så langt ein veit, er det anslått at risikoen for bestandsregulerande effekt for dei sjukdommar ein har kunnskap om, er låg. Fylkesmannen rår likevel til at Osterøy kommune drøftar det temaet nærare i planskildringa og med utgangspunkt i kjend kunnskap om dette konkrete fjordsystemet, anten som ein del av ROS-analysen, eventuelt som ei meir utfyllande skildring av mogelege verknader for naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 8 og 8-12.

### **Konklusjon - motsegn**

Fylkesmannen viser til vurderinga og møtereferatet ovanfor. I denne saka har ein utvida dialog i høyringsfasen ikkje fullt ut ført fram. Det er difor knytt motsegn til nokre deler av planen. Motsegna vil inneber at Osterøy kommune ikkje kan vedta planen for dei område/tema det er knytt motsegn til. Vi legg difor til grunn at kommunen no vil arbeide vidare med planen med sikte på å kome motsegnene i møte og at vi vert gitt høve til å kommentere eit endeleg planframlegg når det eventuelt ligg føre. Alternativt kan kommunen be om meking, jf. pbl. § 5-6.

Ut over det som var tema i dialogmøtet, er det i dette brevet gitt uttale med faglege råd knytt til planen si noverande løysing for akvakultur i sjø. Vi ber om at desse råda vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planen.

På generelt grunnlag rår vi òg til at Osterøy kommune held andre partar med interesse i planarbeidet orienterte om innhaldet i og verknaden av uttalen vår. Vidare legg vi til grunn at kommunen som planstyresmakt vil vurdere om endringar som eventuelt vert føretekte etter offentleg ettersyn, vil krevje ny høyring.

Lukke til med det vidare arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger